

Grunneiere/rettighetshavere

Vår dato: 18.08.2017

Vår ref.: 201705405-5/201703336-3

Arkiv: 611

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar

Solveig Willgohs

22959245/sowi@nve.no

## Meldingar om nye nettiltak på Haugalandet. Høyring av meldingar og invitasjon til møte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke melding både frå Statnett SF og frå Haugaland Kraft Nett AS om nye tiltak i sentral- og regionalnettet på Haugalandet. Statnett melder ein ny 420 kV leidning frå høvesvis Blåfalli eller Sauda til Håvik (Gismarvik). Melde trasear ligg i Kvinnherad, Sauda, Etne, Vindafjord, Tysvær og Karmøy kommunar i Hordaland og Rogaland fylker. Statnett melder òg ein ny 420/132 kV transformatorstasjon anten i Gismarvik eller på Håvik. Haugaland Kraftnett melder ein ny 132 kV leidning frå Ølen transformatorstasjon via Våg transformatorstasjon til Bratthammar i Vindafjord og Tysvær kommunar i Rogaland fylke.

Dei melde prosjekta heng saman og NVE gjennomfører ei felles offentleg høyring av dei to meldingane.

Statnett beskriv i si melding følgjande alternativ for 420 kV-leidningen og plassering av transformatorstasjon:

- Ny kraftleidning frå Blåfalli–Gismarvik/Håvik frå Matre i Kvinnherad, rett sørover mot Litledalen og fortsett vidare sørvestover til Gismarvik/Håvik. Lengd om lag 80-90 km.
- Ny kraftleidning Sauda–Gismarvik/Håvik, vestover med alternativ nordvest opp mot Litledalen, og fortsett vidare sørvestover til Gismarvik/Håvik. Lengd om lag 75-90 km.
- Ein ny transformatorstasjon nær Håvik inne på Hydro Aluminiums område.
- Ein ny transformatorstasjon på Gismarvik inne på området til Haugaland Næringspark.

Haugland Kraft Nett melder to alternative trasear for den nye 132 kV-leidningen:

- Ny dobbelkurs kraftleidning mellom Ølen via Våg mot Spanne i same trasé som eksisterande 66 kV leidning. Lengd om lag 35,7 km.
- Ny dobbelkurs kraftleidning mellom Ølen og Våg i stort sett same trasé som eksisterande leidning, men med nokon avvik i traseen med større avstand til bygningar og ny E134. På delar

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

av traseen går leidninga nærare eitt av Statnett sine melde alternativ. Lengd er om lag 26,8 km. På strekninga Våg–Spanne går leidninga hovudsakleg i same trasé som eksisterande leidning. Lengd er om lag 10 km.

Statnett og Haugaland Kraft Nett har utarbeida meldingane med forslag til utgreiingsprogram i medhald av reglane i plan- og bygningslova med forskrifter. Målet med meldingane er å gje ei tidleg varsling av tiltaket. Gjennom høyring av meldinga ønskjer NVE å få innspel til kva for utgreiingar som bør gjennomførast før konsesjonssøknad for anlegga vert utarbeida.

NVE vil halde fleire offentlege folkemøte om handsaminga av meldingane i dei rørde kommunane. Tiltakshaverane vil delta på møta og orientere om planane. Møta vert halde følgjande tid og stadar:

- Felles møte med Statnett og Haugaland Kraft Nett for kommunane **Karmøy, Haugesund, Tysvær og Vindafjord, måndag 4. september 2017 kl. 19.00**. Møtet finn stad på Tysværtunet på Aksdal.
- Møte med berre Statnett for **Sauda kommune, tysdag 5. september 2017 kl. 19.00**. Møtet finn stad i kinosalen på Sauda kommunale kino i Sauda.
- Møte med berre Statnett for **Etne og Kvinnherad kommunar, onsdag 6. september 2017 kl. 19.30**. Møtet finn stad på Skånevik Fjordhotell i Skånevik.

Møta er opne for alle.

Meldingane med forslag til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/kraftledninger](http://www.nve.no/kraftledninger).

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner til meldinga må sendast NVE **innan 29. september 2017**.

Sakshandsamer hjå NVE for meldinga frå Haugaland Kraft Nett er Lars Hagvaag Seim, e-post [lhs@nve.no](mailto:lhs@nve.no), telefon 22 95 98 74.

Sakshandsamar hjå NVE for meldinga frå Statnett er Solveig Willgohs, e-post [sowi@nve.no](mailto:sowi@nve.no), telefon 22 95 92 45.

Med helsing

Siv Sannem Inderberg  
seksjonssjef

Solveig Willgohs  
rådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Kopi til:

Statnett SF